

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Velfjord

Emne: Ard og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: Knut Strompdal

Gard:

(adresse): Sterbørja

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nøke av eige røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fleire heimelsmenn

SVAR

1. Frå gamalt var det plogen som var den vanlege og så hadde ein og annan hyppeplog. Ard var ikkje brukt.

2. Ard er sers lite nytta framleis. Hestehakke Med hyppeskjer er no mykje i bruk. Som alt nemnt har ikkje arden vere nøke nytta her i bygda. Kernet vert no alltid mylda ned med harv, oftast såharv av stål, skjeldnare med fjørharv. Før i tida brukte dei å mylda kernet ned med harv av tre, eller dei mylda ned med grev. Treharv var vanleg her til 1900 då dei etterkvart kjøpte harver av jarn og stål. Her på Strompdal var treharv brukt til 1915.

3. Ein og annan har slege opp rader med hyppeplog når dei sette poteter, pløy opp ferene som dei segjar. Men vanleg brukar ein grav til det. Ein og annan pløyer og ned potene. Dei pløyer med ein vanleg plog og sett poteter i annakvar fer. Den vanlege plogen kunde og sume stader verta nytta i potetepptakinga. Ein velta om potetferene med plogen og hakka etterpå. Til å hyppe potene med er no mykje brukt hestehakke med hyppeskjer. Før i

tida nytta dei mest grev til å hyppe med , men sune nytta hyppeplog. Dei fyrste hyppeploge vart kjøpt millem 1880 - 1890 . Før var berre grev nytta til petethyppinga.

Dei skiller her millem ard og hyppeplog. Hyppeplogen er større og med breidare skjær og veltefjøl. Elles var ard så lite brukt at nemninga mest kom frå andre bygder.

4. Sjøå svara til dei ter føre spursmåla.

5. Slike skjeker er ikkje brukt det og kjenner til.

6. Skeklene til ein plog kaltes plogskjeker. eintal ei skåk. Det var ei skåk til å vera på kvar sida av hesten , og tvertreet atte kallast skåkspen. Dei er arbeid sem andre skjeker,men istaden for te skekkeljarn , eit på kvar sida , har dei berre nit drette fastgjort på mitten av skåkspenen. Plogen vart gjeøt fast til skjekerne med ei jarnlekja.

7 og 8 . Då ard ikkje har vere i bruk her kan ikkje nerare opplysning gjevast.

9. Nei ard er ikkje nytta en neke slag type av harv.

10 - 12. Bertfell.

13. No brukes berre moderne fabriksmidde plogar . Frå 1890 byrja folk kjøpa fabrikkplogar. Og etter 1910 var det få heimesmidde plogar ibruk. Dei eldre plogane vart arbeidde av smedar i bygda , dei vart skjeldnare kjøpt annan stads frå . Ein kan segja at etter 1890 er så gott sem ikkje verte selt heimesmidde plogar. Kva dei betala for dei gamle plogane har eg ikkje neke nøgje opplysning

en , men for ein tre fire daler (16 kroner) kunde ein vel få ein bra plog . Dagslønna var då berre ein etti øre dagen (ei ert) eller snaut det etter det eg har høyrte . No er det likevel så lenge sidan slike heimesmidde ploger er vorten selt, så neke visst kan ikkje segjast .

14. Dei elste plogar hadde sikkert velteffjøl av tre utan beslag. Gamle folk trur det. Men eg har ikkje tala med neken som kan hukse at slike plogar har vere i bruk. Derimot xx har eg tala med folk som kunde minnast plogar med velteffjøl av tre med jarnbeslag.

Desse plogane hadde plogskjer av jarn og likeins ristel av jarn. Desse plogane hadde visst mykje gott skap som nr 8 på den teikninga Dykk sende, berre gjekk velteffjøla neke lenger fram , eller kanskje rettare , skjeret gjekk heilt til velteffjøla. Velteffjøla på desse plogane var ikkje vridd . Endå i 1860 til 1870 åra var slike plogar å sjå , men dei var kenne ut er bruk. Det var kenne heimesmidde plogar med velteffjøl heilt av jarn som var kenne istaden . Desse plogane hadde ei neke anna form enn dei fyr nemnte plogane. Velteffjøla var vridd og plogskjer og velteffjøl hadde neire skap som nr 11 og 14 på den tilsendte teikninga. Medellane varierte elles ikkje så lite, men låg i det heile millem desse te kva skjer og velteffjøl vedkjen. Men elles var plogen som medal 3 på teikninga. Av eg til kunde den nerma xxx seg nr 11, men ristelen var alltid rett som på nr 8 det eg har høyrte.

15. Nei det er ikkje vanleg at plogkaren kerkje har øks eller spade for å reinske xxx velteffjøl

fjela med. Festa det seg meld på veltefjela tek dei berre ein stein eller ei trespik og grev melda av med eller dei bruka feten. .

16. Det vanlege før var å pløye berre ein veg og så køyrde dei plegen temn attende. Når fera var ute velta dei plegen først så mykje til den sida veltefjela var at plegen gjekk opp er melda. Så velta dei plegen om at til den sida det ikkje var veltefjøl og køyrde plegen attende på den sida.

17x Det var gjerne slege ein kless på plegåsen før at plegskjeret skulde løfta seg meire ifrå marka når dei køyrde attende til ei ny fer. Neke serlegt namn på klessen har eg ikkje høyrte.

18. Det vanlege her på gardane var høgreplog.

19. Neke serleg djupt vart det ikkje pløyt. Som eftast ein seks temn djupt. Djupna vart regulert med årette framme på plegåsen. Det vart festa lengerre epe eller lengere nede etter som ein vilde ha det djupt til. Slepske eller hjul framme har eg ikkje høyrte om før det vart fabrikksmidde plogar. Hjulet var her kalla trille .

20. Det eg har høyrte var det ristel på alle plogar.

21. Nei ein plog som fig 12 på teikninga dykk sendte har ikkje vere ibruk her det eg har høyrte om.

22. Neken serskilt slede før å køyra plegen har ikkje vore ibruk her. Skulde dei køyra plegen så langt eller i slikt lende det ikkje gjekk an å køyre plegen berre , så la dei plegen på møkka-sleden eller på den vanlege sleden.

23. Nei , Falkenstenplog eller Jarlsbergplog

har eg ikkje høyrte nemnde her. Og heller ikkje har eg fått oppgjeve at slike plegtypar har vere i bruk.

Pleg vert her kalla det reidskap som veltar jorda til ei sida og snur henne til ei fer.

Arå (her uttala al med tjukk l) er som nemnt ikkje vere neke i bruk, men kjennest helst berre av omtale. Namnet er handkynserd.

Uttalen av pleg er her pleg - plegjin i eintal , i fleirtal er det : plega - plegan.

Namnet er handkynserd.

Namnet på dei ymse delane er :

Plegskjeret , Plegskjeredden , Veltefjela , Plegåsen , Styret, Handtaket , Oppstandarane (på styret) , Hempa (til å gjera drettet fast til) , Klampen (klossen på plegåsen.

Når det har vere pløygd vellmark kan ein stunden ha stikke opp terva i ei breidde som ei vanleg fer ~~xxxxxxx~~ med ein vanleg spade , etterpå er så fera velt om med hest og pleg. Kør langt att dette kan vera nytta veit eg ikkje , men i nitti åra i føre århundrad var måten nytta.

Ein annan måte å pløya på var å hegga opp terva før ein pløygd slik at ristelen skulde gå i det farete ein hadde hegd opp, og så etterpå pløygd ein med hest.

1467

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING